

Referat frå møte i styringsgruppa for fylkesdelplan for Hardangervidda på Geilo 18.12.07.

Tilstades var:

Fylkesordførar Roger Ryberg, Buskerud fylkeskommune
Fylkespolitikar Mette Lund Stake, Buskerud fylkeskommune
Ordførar Erik Kaupang, Hol kommune
Ordførar Kirsten Gjestemoen Hovda, Nore og Uvdal kommune
Ordførar Steinar Berthelsen, Rollag kommune
Fylkesvaraordførar Lars Bjaadal, Telemark fylkeskommune
Fylkespolitikar Lene Vågslid, Telemark fylkeskommune
Ordførar Arne Vinje, Vinje kommune
Fylkespolitikar Magnar Lussand, Hordaland fylkeskommune
Fylkespolitikar Berit W. Eldøy, Hordaland fylkeskommune
Plankoordinator Eva-Katrine Taule, Fylkesmannen i Hordaland
Ordførar Mona Hellesnes, Ulvik herad
Ordførar Anved Johan Tveit, Eidfjord kommune
Ordførar Solfrid Borge, Ullensvang herad

Fung. fylkesrådmann Linda Verde, Buskerud fylkeskommune
Prosjektleiar Sigurd Fjose, Buskerud fylkeskommune
Prosjektleiar Ellen Korvald, BTH
Resultatansvarleg - utvikling Lars J. Nicolaysen, Telemark fylkeskommune
Rådgjevar Heidi Jønholt, Telemark fylkeskommune
Plan -- og miljøsjef Gudrun Mathisen
Rådgjevar Svein Heggelund

Framlegg om å utsetje val av arbeidsgruppe, leiar og nestleiar og nestleiar til slutten av saklista – samtykt.

1. Val av møteleiar.

Fylkesordførar Roger Ryberg valt til møteleiar.

2. Rapportering frå verksemda i 2007.

Godkjend med ynskje om å leggja ved rekneskapen til MD ved møterefateratet.

3. Framdriftsplan/arbeidsprogram for 2008.

Kort oppsummering av innspela under møtet:

- Semje om å starta arbeidet med planprogram – framlegg til planprogram for Hardangervidda Aust vert lagt ved referatet.
- Villrein viktig utgangspunkt for planarbeidet, balansert utvikling mellom villrein og bruk av vidda. Trong for framtidig næringsutvikling. Viktig med legitimitet i kommunane – nye verneregjar og nye restriksjonar. Samansett og vanskeleg planprosess.
- Meir omfattande planarbeid enn berre villrein. Vern av delar av Hardangervidda avklart – bruken av vidda meir omfattande problematikk.

- Må ta utfordringa frå MD. Samspel mellom ulike interesser der villreinen er sentral. Fins mange utgreiingar og materiale som kan nyttast i arbeidet med planprogram.
- Ulike interesser må med i planarbeidet – fjellteksten førande. Avgrensing av planområdet og arealbruk mot villreinen sine leveområde sentrale problemstillingar. Samspelet mellom areal, bruk og menneskeleg aktivitet kompleks øving i plansamanheng.
- Omfattande arbeid der 3 fylke og 9 kommunar er med. Samle inn data og materiale frå ulike fylke og kommunar. Temamøte i kvar einskild kommune.
- Må vera ein heilskapleg plan med strategiar for forvaltning i planområdet der villrein, rekreasjon og næringsutvikling er sentrale element. Press på randområda – villrein ressurs for bygdene rundt vidda.
- Bruk av randområda sentral i arbeidet. Fjellpolitikk i fjellområda der bruk og vern er sentrale tema – må nytte sjansane no. Innspel frå kommunane er viktig i arbeidet.
- Ta omsyn til dei ulike kommuneplanane i arbeidet.
- Informasjon om arbeidet viktig.
- Fylkesmannen si rolle i planarbeidet.
- Omfang og samordning. Bruk og vern - statleg styring og lokale interesser – lokal medverknad og tillit.
- Fylkeskommunane og kommunane likeverdige partar.
- Starta med planprogram – grunnlag for arbeidsprogram.

4. Budsjett for 2008.

Telemark fylkeskommune ikkje avsett midlar til prosjektet. Hordaland fylkeskommune budsjettert med 350'. Buskerud fylkeskommune innstilt på å bruka naudsynte midlar til prosjektet.

Krav om at Miljøverndepartementet finansierer større delar av prosjektet – fylkeskommunane/styringsgruppa tek kontakt med departementet.

Tilskottet frå 2007 på kr 250' frå Miljøverndepartementet vert overført til 2008, av desse skal kr 80' brukast til utgreiingar/undersøkingar og er disponert.

Arbeidsutvalet lagar nytt framlegg til budsjett.

5. Kartlegging.

Oversynet over kartlegging av utgreiingar teke til orientering. Trongen for vidare kartlegging og utgreiingar vert tekne opp i samband med planprogrammet.

6. Innspel frå kommunane.

Mykje av dette kom fram under punkt 3. I tillegg kom følgjande fram:

- Lov om motorferdsle, hyttebygging, veg og jernbane viktige tema.
- Ynskje om at prosjektleiaren møter kommunane so fort som råd – viktig å gjera arbeidet kjent i kommunane og kva som er viktig for den einskilde kommune.

7. Val av arbeidsutval, leiar og nestleiar.

Følgjande vart samrøystes valt til arbeidsutvalet:

Medlem:

Mette Lund Stake, Buskerud fylkesk.
Lars Bjaadal, Telemark fylkesk.
Magnar Lussand, Hordaland fylkesk.
Steinar Berthelsen, Rollag kommune
Arne Vinje, Vinje kommune
Anved Johan Tveit, Eidfjord kommune

Varamedlem:

Roger Ryberg, Buskerud fylkesk.
Jørund A. Ruud, Telemark fylkesk.
Berit W. Eldøy, Hordaland fylkes.
Kirsten Gjestemoen Hovda, Nore og Uvdal k.
Erik Haatvedt, Tinn kommune
Solfrid Borge, Ullensvang herad

Fylkesmennene i Buskerud, Telemark og Hordaland peikar ut sin representant seinare.

Val av leiar og nestleiar av styringsgruppa:

Følgjande vart samrøystes valt som leiar og nestleiar:

Lars Bjaadal, Telemark fylkeskommune -- leiar
Steinar Berthelsen, Rollag kommune – nestleiar

8. Avslutting.

Den nye leiaren av styringsgruppa takka for tilliten og såg fram til arbeidet med fylkesdelplanen. Viktig å koma i gang med:

- a. budsjettet
- b. planprogrammet
- c. møte med kommunane og fylkeskommunane med forankring av arbeidet

Neste møte i arbeidsutvalet sett til 25. januar 2008 på Kongsberg.

Sigurd Fjose
Ref.